

**Klatrarane kjem i pinshelga**

21.05.2011

**Ein ny klatresesong har starta og klatrarane sviktar ikkje Ulvanåso, ein av dei beste klatre-arenaer i landet. Erik Faukstad i Bergen Klatreklubb opplyser til uskedalen.no at det blir klatresamling i pinshelga - frå 11. til 13. juni.**

Samlinga bkir først og fremst for dei som har klatra før og det blir ikkje arrangert kurs. Klatrarane skal bu på Rabben Feriesenter. der kubben så langt har leigd 2 store hytter med plass til 16. Det er først til mølla som gjeld og dei 16 første som meldar seg får plass. Dei andre kan bestille sjølve eller liggja i telt.

Arrangørane planlegg ein stor fellesmiddag om sundagskvelden. Det er mogleg å grilla begge dagane, blir det opplyst i innbydinga- som er å finna på heimesida til klatreklubben, underteikna lars@njord.as

Av Ola Matti Mathisen